



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 14.10.2014

Sak nr.: 14/5238-8

Internt l.nr.: 32638/14

Sak: 33/14

Tittel: **Eigarmelding 2014**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. nye mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
 - a. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap:
F1 Holding AS, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Teater, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Lutelandet Utvikling AS, Sandane Industri L/L, Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS), Origod AS, og Sogneprodukt AS.
 - b. Starte prosess med avvikling av eigarskapen i fylgjande selskap:
Luna Industri AS (prosess er i gang), Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS.
4. Fylkesrådmannen får i oppdrag å førebu avvikling av eigarskapen i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.
5. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet punkt 4.5 mynde til å fatte endeleg avgjerd om sal av aksjepostane/lutane i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.

Endringsframlegg og avrøysting:

Framstegspartiet og Jacob Nødseth sette fram slikt framlegg til vedtak:

Om handsaminga av saka:

Saka vert handsama i ein generell del med saksnummer 33-14. Kvart enkelt selskap vert deretter handsama med individuelle saksnummer. Arbeidsmarknadsbedriftene handsamast som ei felles sak

Framlegget frå Framstegspartiet og Jacob Nødseth om handsaming av saka fekk 4 røyster og var dermed forkasta.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Pkt.1.2 Framlegg til nye føremål om eigarskapen

Nytt punkt under pkt 2:

- Delta i selskap der vi opptretr som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.

Nytt punkt under punkt 3:

- Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegge for særlege grupper.

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg om punkt 1.2, punkt 2 fekk 29 røyster og vart dermed vedteke. 9 røysta mot.

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg om punkt 1.2, punkt 3 fekk 30 røyster og vart dermed vedteke. 8 røysta mot.

Høgre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 4, tillegg som ei andre setning:

Fylkesutvalet får framlagt ein kort strategi for avvikling av eigarskapen i selskapa

Framlegget frå Høgre og Framstegspartiet om punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt:

I ei eigarmelding må også faste eigedomar og bygg, som fylkeskommunen eig, være ein del av meldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i 2015 leggje fram eit oversyn over eigedomar som fylkeskommunen eig og brukar sjølv, og/eller leiger ut til andre. Fylkestinget ynskjer også at slike eigedomar vert vurderte tilnærma på same måte som eigarpartar i selskap o.l., med omsyn til fylkeskommunens behov, effektive bruk og evt. forslag om opphøyr av eigarskap (avhending).

Framlegget frå Venstre fekk 4 røyster og vart dermed forkasta.

Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt:

Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak om forenkla rapportering og oppfølging av selskap der fylkeskommunen har eigarskap. Det er særleg viktig å forenkla rapportering for selskap som det ikkje har skjedd vesentlege endringar med siste året. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne det opplegget for rapportering.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Jacob Nødseth sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nedanfor mine framlegg til endringar i sjølve eigarskapsmeldinga. Tillegg framgår med utheva skrift nedanfor. Det eg gjer framlegg om å stryke står i kursiv.

Kapittel 1.6.1

«Fylkeskommunen forventar at selskapa har etiske retningslinjer som m.a. omhandlar:

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire.»

Vert endra til:

«Fylkeskommunen forventar at selskapa har etiske retningslinjer som m.a. omhandlar:

- Nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. **Nivået på honoraret skal henge saman med den reelle personlege risikoen kvar ein skild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet.»**

Kapittel 2.4.1

Fylkestinget meiner at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte som samstundes er i samsvar med selskapet sin strategi og handlingsplan.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. **Medan det naturleg nok ikkje gjeld kompetansekrav for folkevalde, må det stillast krav om relevant kompetanse for styremedlemmar. Kva som er relevant kompetanse vil variere frå styre til styre.** *Stryk: (Styremedlemmen representerer berre seg sjølv og ikkje eigarane. Han eller ho skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.) Styremedlemmen er personleg ansvarleg for å ivareta føretaket sitt beste.* *Stryk: (Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemmen er.)*

Det er viktig med mangfald og kompetanse i styra. Politisk røynsle og innsikt er ofte svært positivt, men er ofte ikkje nok. Når fylkeskommunen organiserer fylkeskommunale oppgåver som eigne rettssubjekt utanfor den ordinære fylkeskommunale drifta er det fordi desse verksemdene ikkje først og fremst har eit politisk innhald, men skal drive næring. Ein annan grunn kan vere at oppgåvene føretaket skal løyse er så spesialiserte og ulike den ordinære drifta, at eit særleg styre er naudsynt for å sikre dei ønskja resultatane. Hovudsakleg bør difor personar som er folkevalde i fylkeskommunen ikkje ha styreverv i føretak eigd av fylkeskommunen. Unntak frå denne hovudregelen må særleg grunngjevast.

Fylkeskommunen vil som eigar be om at det ved val av styremedlemmar i dei respektive føretaksorgana blir orientert om kva som kvalifiserer styrekandidatane til verva dei er foreslått til. Dette gjeld både for real- og formalkompetanse, og generelt om kandidaten er eigna.

Kapittel 2.5.3

Fylkestinget sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigarposten er minst 100 000 kr og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigarposten er under 100 000 kr.

Vert endra til:

Fylkestinget si mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet. Når eigarposten er under 100.000 kr kan slik mynde utøvast av fylkesordføraren når det ikkje er praktisk mogleg eller framstår som openbert ikkje naudsynt å halde møte i fylkesutvalet.

Avrøystinga over framlegget frå Jacob Nødseth gav slikt resultat:

Kapittel 1.6.1 fekk 1 røyst.

Kapittel 2.4.1 og 2.5.3 fekk 3 røyster.

Avrøysting over tilrådinga frå fylkesutvalet:

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

Handsaming av punkt 3a i tilrådinga frå fylkesutvalet:

Høgre og Framstegspartiet gjorde framlegg om at F1 Holding vert plassert i 3b.

Framlegget fekk 8 røyster.

Tore Braastad og Bjørnar Førde møtte som vararepresentantar.

Høgre og Framstegspartiet gjorde framlegg om at Fjord1 vert plassert i 3b.

Framlegget fekk 11 røyster.

Tore Braastad og Bjørnar Førde møtte som vararepresentantar.

Sogn og Fjordane Energi, Sogn og Fjordane Holding, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Fjord Invest Såkorn, Framtidsfylket, Opplæringsfartøy, Vigo IKS, Kommunekraft, Sogn og Fjordane Teater, Trivselshagen og SF Revisjon vart samrøystes plasserte i kategori i samsvar med tilrådinga frå fylkesutvalet.

SFE vart handsama med Tore Braastad som vararepresentant.

SF Holding vart handsama med Tore Braastad og Bjørnar Førde som vararepresentantar. Jenny Følling fungerte som settefylkesordførar.

Innovasjon Norge vart handsama med Tore Braastad og Bjørnar Førde som vararepresentantar. SF Revisjon vart handsama med Tore Braastad som vararepresentant.

Høgre og Framstegspartiet gjorde framlegg om at Lutelandet Utvikling vert flytta til kategori 3b. Framlegget fekk 7 røyster. Bjørnar Førde møtte som vararepresentant.

Høgre og Framstegspartiet gjorde framlegg om at Sandane Industri, Mentro AS, Origod AS og Sogneprodukt vert flytta til kategori 3b. Framlegget fekk 8 røyster. Bjørnar Førde møtet som vararepresentant då Sandane Industri vart handsama.

Handsaming av punkt 3b i tilrådinga frå fylkesutvalet:

Luna Industri vart samrøystes vedteke.

Arbeidarpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti gjorde framlegg om at Gulen og Masfjorden Utvikling AS vert plassert i kategori 3a. Framlegget fekk 19 røyster. 19 røysta mot. Framlegget var dermed vedteke med fylkesordføraren si dobbeltrøyst.

Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti gjorde framlegg om at Botnaneset Industriselskap vert plassert i kategori 3a. Framlegget fekk 17 røyster. 21 røysta for tilrådinga frå fylkesutvalet.

Jacob Nødseth sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tillegg under «Mål med eigarskapen»: Fylkeskommunen ser at å organisere petroleumssamarbeidet mellom offentlege og private aktørar i eit aksjeselskap gjer det mogleg å jobbe raskare og meir kreativt enn på andre samarbeidsarenaer. Fylkeskommunen oppmodar Botnaneset Industriselskap om å gripe desse mogleheitene meir offensivt for å skape vekst og utvikling i og rundt petroleumsmiljøet i Florø. Framlegget kom ikkje opp til avrøysting.

Bjørnar Førde møtte som vararepresentant ved handsaminga av Botnaneset Industriselskap. Jenny Følling fungerte som settefylkesordførar.

Njøs Næringsutvikling og Firda Billag vart samrøystes vedtekne i samsvar med tilrådinga frå fylkesutvalet.

Venstre sette fram forslag om at Norsk Fjordhestsenter vert flytta frå 3b til 3a, Framlegget fekk 10 røyster og var dermed forkasta. Tore Braastad møtte som vararepresentant

Jacob Nødeth sette fram slikt framlegg til vedtak vedkommande Fjord1:

Tillegg under «Mål med eigarskapen»: Fjord1 er ein viktig arbeidsplass i fylket, særleg gjeld dette kompetansmiljøet som er i Florø. Fylkeskommunen ser det som eit viktig samfunnsansvar å legge til rette for å styrke desse gjennom sin eigarposisjon. Framlegget fekk 4 røyster.

Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 37 røyster. 1 røysta mot.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. nye mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2. med slike tillegg:

Pkt.1.2 Framlegg til nye føremål om eigarskapen
Nytt punkt under pkt 2:

- o Delta i selskap der vi opptre som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.

Nytt punkt under punkt 3:

- o Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegge for særlege grupper.

2. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):

a. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap:

F1 Holding AS, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Teater, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Lutelandet Utvikling AS, Sandane Industri L/L, Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS), Origod AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Sogneprodukt AS.

b. Starte prosess med avvikling av eigarskapen i fylgjande selskap:

Luna Industri AS (prosess er i gang), Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS.

3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å førebu avvikling av eigarskapen i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor. Fylkesutvalet får framlagt ein kort strategi for avvikling av eigarskapen i selskapa.

4. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet punkt 4.5 mynde til å fatte endeleg avgjerd om sal av aksjepostane/lutane i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.

5. Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak om forenkla rapportering og oppfølging av selskap der fylkeskommunen har eigarskap. Det er særleg viktig å forenkla rapportering for selskap som det ikkje har skjedd vesentlege endringar med siste året. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne det opplegget for rapportering.

-----«»-----

Fylkestinget fann 13 representantar inhabile til å ta del i handsaminga av det enkelte selskap der representanten er medlem av styret. Dette innebar at desse representantane ikkje tok del i drøftinga og avrøystinga vedkommande det selskapet der dei har styreposisjon. Desse representantane deltok såleis i den generelle debatten i saka og handsaming av andre selskap enn dei der representanten har styreposisjon. Representantane vart vurdert som inhabile slik:

Åshild Kjelsnes,	inhabil i Botnaneset Industriselskap og SF Holding
Hilmar Høl,	inhabil i Innovasjon Norge
Nils P. Støyva ,	inhabil i Sandane Industri
Karianne Torvanger ,	inhabil i F1 Holding og Fjord1 AS
Arve Helle,	inhabil i Lutelandet Utvikling
Jenny Følling,	inhabil i Innovasjon Norge
Anders Ryssdal,	inhabil i SF Holding
Nils Asbjørn Gjerland,	inhabil i F1 Holding og Fjord1 AS
Per Atle Kjøllesdal ,	inhabil i Sogn og Fjordane Energi og Sogn og Fjordane Revisjon
Kjell Magne Åshamar,	inhabil i Norsk Fjordhestsenter
Noralv Distad,	inhabil i Luna Industri og SF Holding
Olin Johanne Henden,	inhabil i Sogn og Fjordane Energi
Ole Gunnar Krakhellen,	inhabil i Lutelandet Utvikling

